



Ingeniør Aarland As  
Eidsvågbakken 1  
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/388 - 17/17006

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
09.06.2017

## Førebels svar - trøng for tilleggsdokumentasjon gbnr 185/189 Isdal

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er søkt om endra høgde på mur frå 1,0 til 1,4 meter utanfor frisiktonsa. Det går fram av søknaden og vilkår i vedtaket at mur skulle oppførast med maksimal høgde på 1,0 meter. Når ein no ynskjer å heve delar av muren med opp mot 40% meiner vi dette er ei vesentleg endring som krev ny nabovarsling. Høgden på muren er tydeleg definert i både søknad og vedtak og det er difor naudsynt at alle partar får høve til å uttale seg dersom ein skal kunne innvilge ei slik endring i høgde på muren som det er søkt om.
2. Situasjonsplanen samsvarer ikkje med vilkåra i løyvet til tiltak datert 15.02.17. I løyvet er det mellom anna sett vilkår om svingradius og avstand frå vegkant til mur. Det må sendast inn situasjonsplan som viser at alle vilkår i løyvet er stetta. Vi ber om at de tek ein gjennomgang av vilkåra i løyvet og endrar på situasjonsplanen slik at det går fram at tiltaket er/vert bygd i samsvar med løyvet.

Kommunen har vurdert at dispensasjonen som vart gjeve i saka også kan nyttast sjølv om muren vert høgare enn det vart søkt om. Etter kommunens vurdering er dispensasjonen gjeve for byggegrense mot veg og ikkje avgrensa i høgde. Det er difor ikke naudsynt å söke om ny dispensasjon.

Kommunen vil innhente ny uttale frå eining for teknisk drift i kommunen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.07.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

Vi beklagar sein attendemelding i saka.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Andre Mjelstad                    Litlevika 76                    5914                    ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Ingeniør Aarland As                    Eidsvågbakken 1                    5105                    EIDSVÅG I ÅSANE